

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 18.10.2005
Sakshandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Avtale mellom Helse Vest RHF og Legemiddelindustriforeningen**

Styresak 94/05 B

Styremøte 27.10. 2005

Bakgrunn

Helse Øst RHF har på vegne av dei fem regionale helseføretaka forhandla fram eit forslag til ein samarbeidsavtale med Legemiddelindustriforeninga (LMI). Avtalen er handsama av styret i LMI og vedteken av deira generalforsamling 7. juni 2005. Avtalen er vidare godkjent av styret i Helse Øst RHF på møte 15.06.2005 (sak 066-2005), styret i Helse Sør RHF på møte 14.09.05 (sak 61/2005), styret i Helse Midt-Norge RHF 23.08.05 (sak 45/05) og styret i Helse Nord RHF 11.10.05 (sak 100-2005).

Under føresetnad av at alle dei regionale helseføretaka vedtar avtalen, vil den bli gjort gjeldande for alle føretaka i landet. Det blir fremma forslag om å godkjenne avtalen slik den nå ligg føre og å oversende saka til helseføretaka for styrebehandling og vidare oppfølging.

Samarbeidsavtalen byggjer på prinsipp nedfelt i offentlegrettsleg regelverk, standardar, og sentrale og interne retningslinjer som til dømes vedtekne etiske retningslinjer i Helse Vest. Avtalen har til formål å regulere samhandling mellom partane, særleg innanfor kunnskapsformidling og kunnskapsutvikling; gjennom forskning, pasientopplæring, kurs, vidareutdanning med vidare. I tillegg har avtalen generelle føresegner om openheit og innsyn, habilitet, innkjøp, gaver/honorar, bruk av namn i reklame mv.

Avtalen inneheld vidare ein intensjonserklæring om at LMI og dei regionale helseføretaka innan eit år etter avtalen er etablert, skal setje i verk eit arbeid med å utvikle former for samarbeid og felles bidrag til forskning, kompetanseutvikling og pasientopplæring. Overtreding av avtalen skal handterast gjennom partane sine interne sanksjonsordningar.

Avtalen trer i kraft frå 1. januar 2006 med tre månader gjensidig oppseiingstid. Partane er forplikta til i saman å utvikle nærare informasjonsmateriell til bruk i eigne verksemder om avtalen.

Vurdering

Samarbeidsavtalen er å sjå på som eit verktøy for å sikre at helseføretaka oppfyller dei lover og forskrifter som myndigheitene allereie har satt til helsetenesta. Den vil, ved implementering i føretaka,

gjelde alle tilsette i føretaka og legemiddelindustrien. Avtalen er i stor utstrekning ei samling av gjeldande regelverk i eit dokument, men vil samstundes leggje faste rammer kring samarbeidet, og vil på mange måtar innebere ein meir restriktiv praktisering med omsyn til samhandling enn tidlegare. Avtalen vil i så måte gjenspegle felles haldningar og målsettingar mellom anna med omsyn til ryddigheit og openheit i dei regionale føretaka. Dette er målsettingar som er godt forankra hos vår eigar og i helseføretaka lokalt.

Avtalen gjer uttrykk for ein større bevisstheit i å avklare partane sine roller, forhold til integritet og etisk opptreden i ulike samhandlingssituasjonar. Avtalen gjenspeglar og eit restriksjonsnivå som mellom anna legeforeininga har lagt seg på i forhold til industrien. Vidare styrkar denne avtalen helseføretaka og eigaren sitt innsyn i og kontroll med aktivitetar som skjer innanfor eigne verksemdar. Ein får og større innsyn og openheit når det gjeld aktivitetar som industrien har med eksterne samarbeidspartnarar som pasientorganisasjonar, Rikstrygdeverket og sjukehusapoteka.

Avtalen representerar ei viktig opprydding på område kor praksis har vore uklår og ulikt handtert. Avtalen handlar i stor grad om korleis legemiddelindustrien og deira medlemmar skal forhalde seg til helseføretaka. Avtalen vil og vere eit viktig fundament for tillitsforholdet mellom helsevesen, pasientar og samfunnet elles.

Avtalen gir rom for skjønn innan dei einskilde helseføretaka og krev eit aktivt arbeid med implementering og vidareutvikling av ein lik praksis i føretaka. Ut frå dette omsynet har partane gått inn for at avtalen skal gjelde frå 1. januar 2006. Ein legg til grunn at avtalen vil bli etterlevd lojalt.

Forslag til vedtak

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner det framlagte forslag til avtale mellom Helse Vest RHF og Legemiddelindustriforeininga.
2. Administrerande direktør har fullmakt til å inngå avtale med Legemiddelindustriforeininga på vegne av Helse Vest RHF.
3. Samarbeidsavtalen blir sendt styra i helseføretaka til orientering og oppfølging.

Vedlegg: Samarbeidsavtale mellom Helse Vest RHF og Legemiddelindustriforeiningen